



Hans Petter Eide  
Heltveitvegen 49  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2083 - 18/11505

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:  
10.04.2018

## Landbrukssak GBNR 24/7 og 10 Fammestad - Svar på søknad om nydyrking

### Saka gjeld:

Me visar til søknad motteken 29.06.2017 søknad om nydyrking av 44daa på Gbnr:24/7 og 24/10. Me beklagar lang sakshandsaming. Søknaden inneheldt kart av områda som brukar ynskjer dyrka.

### Om bruket:

Eigedommen sitt totale areal er på Ca 244daa. Han har i dag 13 ammekyr, 20 ungdyr og 107 vinterfora sau. Ny driftsbygging for ammekyr er under planlegging, såleis vil nytt areal vera kjærkommen på garden for å kunne sikra vidare drift på eige areal.

### Om tiltaket:

Areala som det vert synt til i søknaden er på 44daa fordelt på 2 teigar som består av myrjord, skog og beite. Brukar ser for seg at areala vil verta fulldyrka og forventta avling vil koma på Ca 600Fem/daa. Eigedommen grensar mot Tveitavatnet og Fammestadtjørna. Eit av areala som er planlagt nydyrka har direkte kontakt med Fammestadtjørna.

### Forholdet til kulturminner:

So langt me har kunna undersøkje so vil tiltaket ikkje koma i konflikt eller ha verknad på registrerte kulturminne i området.

Dersom ein finn/avdekkar automatisk freda kulturminner under dreneringsarbeidet, skal den som gjennomfører tiltaket stanse arbeidet og kontakte regional kulturminneforvaltning. Den som gjennomfører tiltaket, er ansvarlig for eventuelle skader på kulturminner. Dette følger av bestemmelsene i kulturminneloven. Dette gjelder selv om kommunen har gitt tilsagn om tilskudd.

### Vurdering etter naturmangfaldslova:

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### Vurdering:



Etter forskrift for nydyrking skal ein mot vassdrag med årssikker vassføring ha ei kantsone på minimum 6 meter ved nydyrking. Denne kantsona må då stå mot Fammestadtjørna. Ein må og laga eit fangdammsystem for å unngå avrenning direkte til vassdraga. Her ligg det mykje kompetanse hos lokale bønder i kommunane so me oppmodar om å ta kontakt for erfaringsutveksling og liknande. Me ser ingen grunn til å gje ein negativt fråsegn i denne saka so lenge alle vilkåra under vert følgd.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i jordlova §1 og forskrift om nydyrking, gjev Lindås kommunen løyve til å dyrke opp om lag 44da høyrande til gbnr.24/7 og 24/10 mfl. slik det er søkt om i søknad datert 28.06.2017 Dersom tiltaket ikkje er sett i verk innan tre år etter godkjenning, fell løyvet bort.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltakshava er sjølv ansvarleg for gjennomføring av arbeidet i samsvar med gjeldande reglar.
- Generelt må arbeidet skje i samsvar med forskrift om nydyrking.
- Det skal vera ei kantsona/vegetasjonssona på minst 6meter mot vassdrag med årssikker vassføring.
- Det skal opparbeidast eit fungerande fangdammsystem for å hindra uønskt avrenning til vassdraga.

#### **Klage:**

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova sine reglar. Partane kan klage over avgjerda innan tre veker etter at ein har vorte kjend med vedtaket, jf. §§28 flg. I Forvaltningslova.

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
landbrukssjef

Øystein Hafnor Kolstad

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Søknad om godkjenning av plan for nydyrking - gbnr 24/7 og 10 Fammestad

#### **Mottakarar:**

Hans Petter Eide

Heltveitvegen 49 5993

OSTEREIDET